



Utvalg: Kontrollutvalet i Bømlo kommune
Møtestad: Kommunestyresalen, Bømlo rådhus
Dato: 15.04.2015
Tidspunkt: 10:00 – 15:00 (kurs kl. 10.00-12.00)

Følgjande faste medlemmer møte:

Navn	Funksjon	Representerer
Sonja Hellen Sele	Leiar	H
Georg Lønning	Nestleiar	H
Kåre Habbestad	Medlem	SP
Svanhild Vespestad	Medlem	AP
Terje Olav Nesse	Medlem	V

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
John-Kåre Torkelsen	Medlem	KRF

Følgjande varamedlemmer møte:

Navn	Møtte for	Representerer
Gunn Hellen	John-Kåre Torkelsen	FrP

Merknader:

Kl. 10.00 – 12.00 kurs for politikarar og administrasjon innan «Samfunnsansvar og antikorrupsjon» ved Merethe Solheim Larsen frå Deloitte AS.

Andre som møte:

Navn	Stilling
Odd Harald Hovland	Ordførar i Bømlo kommune (PS 13/15 – 17/15)
Kjell Magnar Mellesdal	Kommunalsjef i Bømlo kommune (PS 15/15)
Torunn L. Foseid	Leiar NAV Bømlo
Gunnar Hoff	Forvaltningsrevisjonsrevisor i Deloitte AS
Elin Molven Wilhelmsen	Spesialrådgjevar i Hordaland Fylkeskommune

Sonja Hellen Sele
utvalsleiar

Elin Molven Wilhelmsen
utvalssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
PS 13/15	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 14/15	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte		
PS 15/15	Rådmannen orienterer - Rapport frå fylkesmannen etter tilsyn med NAV i Bømlo kommune		2014/315
PS 16/15	Bømlo Vatn- og Avløpsselskap AS - Rapport etter selskapskontroll		2014/323
PS 17/15	Tekniske tenester i Bømlo kommune - Godkjenning av prosjektplan		2015/17
PS 18/15	Politisk organisering i Bømlo kommune - Val av nytt kontrollutval hausten 2015		2014/321
PS 19/15	Kontrollrapport 2014 vedkommande skatteoppkrevjarfunksjonen i Bømlo kommune		2014/316
PS 20/15	Referatsaker		
RS 7/15	Høyringsuttale - Overføring av skatteoppkrevjing til Skatteetaten		2014/316
RS 8/15	Budsjettbrev 2015 frå Fylkesmannen		2014/312
RS 9/15	Oversikt over gjennomførte tilsyn 2014 i Bømlo kommune		2014/315
RS 10/15	Eigarstrategi Sentralidrettsanlegget AS		2014/324
RS 11/15	Innkalling til representantskapsmøte i SIM 2015		2014/356
RS 12/15	FKT konferansen 2015		2014/395
PS 21/15	Gjennomgang av møteprotokollar - Bømlo kommune		2014/313
PS 22/15	Eventuelt		

PS 13/15 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 15.04.2015

Handsaming i møtet:

Det kom ikkje fram merknader til innkalling og sakliste.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

PS 14/15 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 15.04.2015

Handsaming i møtet:

Det var ingen merknader til møteprotokoll frå møtet 17.2.2015.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

Møteprotokoll frå møtet 17.2.2015 vart godkjent.

PS 15/15 Rådmannen orienterer - Rapport frå fylkesmannen etter tilsyn med NAV i Bømlo kommune

Forslag til vedtak

Saka er lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 15.04.2015

Handsaming i møtet:

Leiar NAV Bømlo Torunn L. Foseid og kommunalsjef Kjell Magnar Mellesdal informerte i saka og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Orienteringa omhandla blant anna organiseringa av NAV Bømlo og korleis dei arbeider der for å best mogleg koma i mål i høve dei ulike oppgåvene dei skal løysa på ein mest mogleg rasjonell måte, til beste for både brukarane og samfunnet. Det vert stadig haldt eit stort fokus på å få flest mogleg attende i aktivitet. Her ser NAV dei ulike arbeidsgjevarane i Bømlo kommune som særskilte viktige støttespelarar for å lykkast og at det såleis er særdeles viktig med ein god kontakt.

Tilsynet frå Fylkesmannen vart lukka i februar 2015. NAV seier at det kom mykje lærdom ut av fylkesmannen sin rapport.

Kommunalsjefen leverte 15 dokument i saka, etter bestilling frå kontrollutvalet. Desse vert skanna inn på saka.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

Kontrollutvalet tok informasjonen til orientering.

PS 16/15 Bømlo vatn- og avlaupsselskap AS - Rapport etter selskapskontroll

Forslag til innstilling

Kommunestyret ber rådmannen syta for:

1. At opplæringa av folkevalde også bør omfatta informasjon om kommunen si eigarskapsforvaltning.
2. Å stille krav i eigarskapsmeldinga om at selskapsstyra gjennomfører eigenevaluering.
3. Å utvikle rutinar for meir systematisk og dokumentert oppfølging av om selskapa etterlever krav frå kommunen (til dømes i eigarskapsmelding og andre vedtak).

Kommunestyret ber Bømlo Vatn og Avløpselskap AS syta for å:

1. Dokumentere styreevalueringane slik at ein i større grad sikrar at informasjonen kan bli nytta til forbetring/utvikling av styrefunksjonen.
2. Utarbeide konkrete retningslinjer / rutinar for handtering av habilitet i selskapet i tråd med krav i forvaltningslova og krav frå eigar.
3. I større grad legg til rette for/bidreg til at styrerepresentantar registrerer sine verv i KS styreregister.
4. Prioritere arbeidet med å rullera hovudplan for vatn og avløp.
5. Vurderer korleis den samla planlegginga, herunder koordinering med andre aktørar (Bømlopakken og Statens vegvesen) og prioritering av oppgåver, kan sikra ei meir føreseieleg gjennomføring av prioriterte prosjekt.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 15.04.2015

Handsaming i møtet:

Forvaltningsrevisor Gunnar Hoff frå Deloitte AS presenterte rapporten og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Ordførar ber revisor presentera rapporten i kommunestyremøte den 11. mai 2015. Det vert sett av om lag 30 minutt til presentasjon og spørsmål. Revisor vart orientert om dette i møtet. Kommunestyret sitt møte den 11. mai 2015 startar kl. 18:00 og presentasjonen vert sett opp i starten av møtet.

Framlegg til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling:

Kommunestyret ber rådmannen syta for:

1. At opplæringa av folkevalde også bør omfatta informasjon om kommunen si eigarskapsforvaltning.
2. Å stille krav i eigarskapsmeldinga om at selskapsstyra gjennomfører eigenevaluering.
3. Å utvikle rutinar for meir systematisk og dokumentert oppfølging av om selskapa etterlever krav frå kommunen (til dømes i eigarskapsmelding og andre vedtak).

Kommunestyret ber Bømlø Vatn og Avløpsselskap AS syta for å:

1. Dokumentere styreevalueringane slik at ein i større grad sikrar at informasjonen kan bli nytta til forbetring/utvikling av styrefunksjonen.
2. Utarbeide konkrete retningslinjer / rutinar for handtering av habilitet i selskapet i tråd med krav i forvaltningslova og krav frå eigar.
3. I større grad legg til rette for/bidreg til at styrerepresentantar registrerer sine verv i KS styreregister.
4. Prioritere arbeidet med å rullera hovudplan for vatn og avløp.
5. Vurderer korleis den samla planlegginga, herunder koordinering med andre aktørar (Bømløpakken og Statens vegvesen) og prioritering av oppgåver, kan sikra ei meir føreseieleg gjennomføring av prioriterte prosjekt.

PS 17/15 Tekniske tenester i Bømlø kommune - Godkjenning av prosjektplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføra forvaltningsrevisjon innan Tekniske tenester i Bømlø kommune, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og event. innspel under drøftinga i møtet.
2. Korrigerer prosjektplan vert å senda sekretariatet innan.....2015.
3. Kontrollutvalet gjev utvalsleiar, i samråd med sekretariatet, fullmakt til å godkjenne endeleg prosjektplan.
4. Godkjend prosjektplan skal leggast fram som melding i kontrollutvalet i neste møte.
5. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan utvangen av.....2015, ferdig verifisert og med rådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlø kommune - 15.04.2015

Handsaming i møtet:

Vurdering av habilitet:

I førre møte vart nestleiar Georg Lønning og utvalsmedlem Svanhild Vespestad kjent ugild i saka. Kontrollutvalet tok på nytt stilling til om dei framleis er inhabil til den vidare handsaminga i saka.

Både kontrollutvalet, nestleiar Lønning og Vespestad konkluderer med at dei er inhabil i sak. Lønning og Vespestad trådte til sides når saka vart handsama.

Forvaltningsrevisjonsrevisor Gunnar Hoff frå Deloitte AS presenterte prosjektplanen og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet godkjente prosjektplanen slik den låg føre.
2. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføra forvaltningsrevisjon innan Tekniske tenester i Bømlø kommune, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan.
3. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side i byrjinga av november 2015, ferdig verifisert og med rådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

PS 18/15 Politisk organisering i Bømlo kommune - Val av nytt kontrollutval hausten 2015

Forslag til innstilling

1. Kontrollutvalet skal ha 5 faste medlemmer.
2. Leiar i kontrollutvalet skal ha fast sete i kommunestyret.
3. Varamedlemmer til kontrollutvalet skal veljast i rekkjefølgje i tråd med kommunelova § 38a Avtaleval.
4. Kontrollutvalet skal ha same godtgjersle som dei andre hovudutvala.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 15.04.2015

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet gjekk gjennom saka.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet skal ha 5 faste medlemmer.
2. Leiar i kontrollutvalet skal ha fast sete i kommunestyret.
3. Varamedlemmer til kontrollutvalet skal veljast i rekkjefølgje i tråd med kommunelova § 38a Avtaleval.
4. Kontrollutvalet skal ha same godtgjersle som dei andre hovudutvala.

PS 19/15 Kontrollrapport 2014 vedkommande skatteoppkrevjarfunksjonen i Bømlo kommune

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet merkar seg at Skatteetaten konkluderer med at Bømlo kommune har ein skatteoppkrevjarfunksjon som i det alt vesentlege vert utført i samsvar med gjeldande regelverk.
2. Bømlo kommune sin skatterekneskap og kontrollrapport 2014 frå Skatteetaten vert teken til orientering og oversendt kommunestyret til orientering.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 15.04.2015

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet gjekk gjennom saka. Kontrollutvalet er uroa over at det har vore stor arbeidsbelastning på avdelinga, grunna sjukdom.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet merkar seg at Skatteetaten konkluderer med at Bømlo kommune har ein skatteoppkrevjarfunksjon som i det alt vesentlege vert utført i samsvar med gjeldande regelverk.
2. Bømlo kommune sin skatterekneskap og kontrollrapport 2014 frå Skatteetaten vert teken til orientering og oversendt kommunestyret til orientering.

PS 20/15 Referatsaker

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 15.04.2015

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet gjekk gjennom referatsakene.

Vedtaket var samrøystes.

Vedtak:

Referatsakene vart tekne til orientering.

RS 7/15 Høyringsuttale - Overføring av skatteoppkrevjing til Skatteetaten

RS 8/15 Budsjettbrev 2015 frå Fylkesmannen

RS 9/15 Oversikt over gjennomførte tilsyn 2014 i Bømlo kommune

RS 10/15 Eigarstrategi Sentralidrettsanlegget AS

RS 11/15 Innkalling til representantskapsmøte i SIM 2015

RS 12/15 FKT konferansen 2015

PS 21/15 Gjennomgang av møteprotokollar - Bømlo kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 15.04.2015

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet gjekk gjennom møteprotokollane og fatta samrøystes vedtak.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

PS 22/15 Eventuelt

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 15.04.2015

Handsaming i møtet:

Det kom ikkje opp saker under eventuelt.